

Rekommandert
VOSS KOMMUNE
Postboks 145

5701 VOSS
Norge

Hordaland fylkeskommune

12 JUL 2018



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref. 13262213

Dato:

Sak/dok.: 18/30225-3

10.07.2018

Ark.: 346

Grunnboka er retta

Saka gjeld gnr. 53 bnr. 5 i knr. 1235 Voss kommune

Vi viser til førespurnad frå dykk 15.06.2018 der de bad oss rette grunnboka for eigedom fordi Hordaland fylkeskommune ikkje hadde søkt om konsesjon for erverv av eigedomen i 2016.

Statens kartverk Tinglysing har retta grunnboka og registreringa av skøyte frå Asle Gjeraker til Hordaland fylkeskommune som vart tinglyst 03.05.2016 med dokumentnummer 393118 ved at heimelen til gnr. 53 bnr. 5 vert overført tilbake til Asle Gjeraker.

Ei meir utfyllande forklaring følgjer nedanfor.

Fakta i saka

Ved tinglysinga av skøyte 03.05.2016 med dokumentnummer 393118 vart heimelen til gnr. 53 bnr. 5 i Voss kommune overført frå Asle Gjeraker til Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune hadde fylt ut eigenfråsegn om konsesjonsfridom og kryssa av på at eigedomen er bebygd og ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord. Voss kommune bekrefta denne 08.03.2016.

De har i brev av 15.06.2018 opplyst at eigenfråsegna hadde uriktig opplysning. De viser til at eigedomen ikkje er bebygd, da bygget står på gnr. 53 bnr. 1 fnr. 3. I kommuneplanen er vidare gnr. 53 bnr. 5 LNF-areal. Derfor meiner de at ervervet krev konsesjonsvedtak og må underleggjast prisregulering som fulldyrka areal.

Vår vurdering

Opplysningar frå matrikkelen viser at eigedomen gnr. 53 bnr. 5 er bebygd. De har vist til at bygget på eigedomen eigentleg høyrer til gnr. 53 bnr. 1 fnr. 3. Denne festetomta er ikkje registrert i matrikkelen og det er uklart kor denne ligg. De har samstundes vist til at gnr. 53 bnr. 5 er LNF-areal, og det er dette som er det avgjerande for vår vurdering.

Det følgjer av konsesjonslova § 5 første ledd nr. 4 at konsesjon ikkje er naudsynt når ervervar er den fylkeskommune der eigedomen ligg, såframt ervervet gjeld ein eigedom i område som er omfatta av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova, og eigedomen i planen er utlagt til anna enn landbruksområde eller ervervet skjer ved ekspropriasjon.

Eigedomen er landbruksareal, og ervervet krev derfor konsesjonsvedtak og må også underleggjast prisregulering som fulldyrka areal.

Erverv som krev konsesjon etter konsesjonslova, kan ikkje bli tinglyst eller matrikkelført med mindre konsesjon er gitt. Dette følgjer av konsesjonslova § 15.

Sidan det ikkje låg føre konsesjonsvedtak på ervervstidspunktet ligg det dermed føre ein tinglysningsfeil. Vi skal rette grunnboka når vi blir merksame på at ho er urett eller det på annan måte er gjort feil. Dette følgjer av tinglysningslova § 18.

Høve til å anke avgjerda

De og andre med rettsleg interesse kan anke denne avgjerda til Borgarting lagmannsrett. Ankefristen er éin månad frå den dagen de har fått eller burde ha skaffa dykk kjennskap til avgjerda, jf. tinglysningslova §§ 10, 10a og 10b. Har de fått melding om avgjerda i rekommandert brev, blir ankefristen rekna frå den datoen brevet vart sendt.

I anken må de vise til kva for ei avgjerd det gjeld og grunngi kva for endringar de ønskjer. Anken sender de til oss. Etter at vi har behandla anken, sender vi han vidare til lagmannsretten, som avgjer saka.

Gebyret for behandling av anke er seks gonger rettsgebyret, til saman 6 780 kroner, jf. rettsgebyrlova § 23a. Betal gebyret til Statens kartverks konto 6345 05 02415 og merk innbetalinga med matrikkelnummer (knr. gnr. bnr. fnr. snr.). Gebyret må vere betalt innan ankefristen. Manglande betaling kan føre til at anken blir avvist.

Kravet om forskotsbetaling gjeld ikkje offentlege organ eller advokatar med rett til etterskotsbetaling.

Praktisk informasjon

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 82 27.

Venleg helsing

Karen Kavli Setnes
registerfører

Trine Marie Gasmann
juridisk seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi **Hordaland Fylkeskommune**
Asle Gjeraker

Bekreftet grunnboksutskrift

HJEMMELSOPPLYSNINGER

Rettighetshavere til eiendomsrett

2016/393118-3/200
03.05.2016

HJEMMEL TIL EIENDOMSRETT

VEDERLAG: NOK 0
GJERAKER ASLE D
F.NR: 300457
Opprinnelig hjemmel 10.05.2004 i doknr. 956
Feilaktig overført
Rettet etter tingl. §18
06.07.2018 Arkivref. 18/30225-3

Dokumenter av særlig interesse for salg- eller pantsettelsesadgang

2016/369566-1/200 URÅDIGHET

HEFTELSE

Dokumenter fra den manuelle grunnboken som antas å kun ha historisk betydning, eller som vedrører en matrikkelenhets grenser og areal, er ikke overført til denne matrikkelenheten sin grunnboksutskrift.

Servitutter tinglyst på hovedbruket/avgivereiendommen før fradelingsdatoen, eller før eventuelle arealoverføringer, er heller ikke overført. Disse finner du på grunnboksutskriften til hovedbruket/avgivereiendommen. For festenummer gjelder dette servitutter eldre enn festekontrakten.

1956/406-1/52
30.04.1956

BESTEMMELSE OM VANNRETT

RETTIGHETSHAVER: KNR:1235 GNR:53 BNR:6

2016/369566-1/200
26.04.2016

URÅDIGHET

RETTIGHETSHAVER: HORDALAND FYLKESKOMMUNE
ORG.NR: 938 626 367
Matrikkelenheten kan ikke disponeres over uten samtykke fra rettighetshaver

GRUNNDATA

1954/1250-2/52
01.12.1954

REGISTRERING AV GRUNN

DENNE MATRIKKELENHET OPPRETTET FRA: KNR:1235 GNR:53
BNR:1

1956/97-1/52
03.02.1956

REGISTRERING AV GRUNN

UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:1235 GNR:53 BNR:6

1972/366-1/52
02.03.1972

REGISTRERING AV GRUNN

UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:1235 GNR:53 BNR:12

For eventuelle utleggs- og arrestforretninger, samt forbehold tatt ved avhendelse, som tinglyses samme dag som andre frivillige rettsstiftelser, gjelder særskilte prioritetsregler, se tinglyssloven § 20 andre ledd og § 21 tredje ledd.